

Årsmelding Radøy sokn 2025

I 2025 har det vore ein liten nedgang i gudstenestedeltakinga og på konsertar, medan trusopplærings - og diakonitiltak har halde seg stabile. Det er ein positiv og god tone, og kyrkjelyden deltek jamleg på ulike tiltak og arrangement.

Alver kyrkjelege fellesråd

Fellesrådet har konstituert seg på nytt og fortset med same rollefordeling.

Sølvi Knudsen	Leiar
Gunnar Kartveit	Nestleiar
Jan Åke Kolaas	Medlem
Turid Hølleland	Medlem
Helge Haugland	Medlem
Lasse Turøy	Kommunal representant
Helge Taranrød	Biskopen sin representant

Det er 5 sokneråd i fellesrådsområdet som alle har kvar sin representant fellesrådet. I tillegg til dei folkevalde er det i fellesrådet ein kommunal representant og ein geistleg representant, som er prost. Kyrkjeverja er dagleg leiar for fellesrådet og er rådet sin sekretær. Gunnar Kartveit er Radøy sokn sin representant i fellesrådet og er også nestleiar i rådet.

Radøy sokneråd per 01.01.2025

Kirsten Johanna Skage Mellingsen	Leiar
Gunnar Kartveit	Nestleiar , medlem i AKF.
Oddbjørn Tveiten	Medlem. Vara AKF
Evelyn Merethe Dale Askeland	Medlem
Irene Gjervik Taule	Medlem
Mona Karin Vakt skjold	Medlem
Geirunn Valdersnes	Medlem
Margun Alette Stordal	Medlem
Eivind Floen	1.vara, permisjon
Olav Leiv Ståløy	2.vara
Lina Beyer Vågenes	3.vara
Kristen Risnes	4.vara
Marlen Ramsvik Rikstad	5.vara
Kjell Johan Sekkingstad	Biskopen sin representant (til september)
Bjørn Dalsgård Nygård	I perioden september til november
Torbjørn Sæle	Frå november

Tilsette med tenestestad Radøy sokn per 31.12.2025

Grethe Lunde	Dagleg leiar	100% ; 60% i Radøy + 30% i Lindås sokn. 10% sentraladm.
Helle L. Kartveit	Kyrkjelydspedagog	100% frå august, 20% av denne er definert til arbeid med informasjon i Alver.
John William Kay	Organist 1 + Rådgjevar	60%+40% sentraladm IKT
Gudveig Kartveit Sundsbø	Diakon	80%; av dei er 20% er definert til fellestiltak i Alver.
Gyda Matland	Admistrasjonssekretær	100%, 50%; delt med Meland sokn.
Håkon Glatved-Prahl Torstein Skjelvik	Kyrkjetenar Kyrkjetenar	30% 40% (60% driftsavdeling) I 100% på driftsavdeling frå 1. august.
Vidar Eldholm Trond Fykse	Organist II Organist	30% delt mlm Radøy og Knarvik Ved gravferd på fredagar
Kjell Johan Sekkingstad Bjørn Dalsgård Nygård	Sokneprest Prest under utdanning	100%, slutta 15.sep 50%
Torbjørn Sæle	Sokneprest	100% , tilsett frå 10.nov.

Statistikk

	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Gudstenester på sun - & helgedagar	57	55	59	58	67	58
Døpte	28	29	25	41	31	35
Konfirmerte	47	50	51	45	39	39
Vigde	10	1	7	7	2	3
Gravlagde	41	45	40	56	45	43
Gjennomsnittleg frammøte på søndag og helgedagar	63	76	67	66	39	42

Gjennomsnittleg nattverddeltaking søndag og helgedagar	36	17	25	22	19	27
--	----	----	----	----	----	----

Arbeid i soknerådet

Soknerådet har hatt 10 møter og handsama 53 saker. Saker som kan nemnast er årsmelding, budsjett, årshjul, kyrkjebruksplan, gudstenesteplan, offerliste, organisasjonsendringar Fjon, avslutning for sokneprest Kjell Sekkingstad, 150-årsjubileum Hordabø kyrkje, fest for ny sokneprest; Torbjørn Sæle, skjermar Sæbø kyrkje, kyrkjetenarressurs Radøy, oppussing av dåpssakresti i Hordabø kyrkje, kyrkjebladet Radar - vidare drift, kursstøtte til reise til Nordic Conference, soknepreststilling, kulturarrangement Esau og Jakob, soknerådet tek ansvar i lag med styret for Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter for arrangementet på Fjon 29.juli 2026.

Økonomi

Reknskap for 2025 er pr 6.3 ikkje klar frå Aider, og vil bli ført inn så snart vi får rapport.

Arbeid i kyrkjelyden

Gudstenester

Oppslutninga om dåp er stabilt god. Etter ein auke i gudstenestedeltakarar frå 2023 til 2024 er i det i 2025 ein nedgang i deltakarar på søndagsgudstenesta, medan snittet som tidlegare, er litt høgare når alle gudstenester tel med. Variasjonen er stor, frå under 25 enkelte søndagar til over 150 på spesielle dagar. Etter dei fleste gudstenester er det kyrkjekaffi. I tillegg til ordinære gudstenester har vi utegudstenester i Tjorehagen, på Solenfjellet og i Bømarka. I Tjorehagen møter vi også kyrkjefolk frå andre sokn i stor grad.

Julaftan fann til saman nesten 800 vegen til gudsteneste i dei fire kyrkjene, og juledag var 146 samla i Manger kyrkje. I juli var det jubileumsgudsteneste i Emigrantkyrkja 6.juli der biskop Ragnhild deltok. Arrangementet er ein del av Nasjonaljubileet 2030, der ein i 2025 sette fokus på tema "Emigrasjon og identitet." Det var også ei markering av at det er 200 år sidan den første organiserte utvandringa frå Noreg fann stad.

Frivillege

Vi opplever ein liten auke i talet på frivillege, og er takksame for jobben som blir gjort. Gode gudstenestemedhjelparar engasjerer seg i kyrkjene både som kyrkjevertar og medliturgar. Fleire tar ansvar for tillaging og servering av mat ved større tilstellingar som t.d. konfirmantjubiléum, juletreff, festgudstenester, misjonssamling og årsmøtet. Frivillegfesten var på feitetysdag, som den pleier, og frammøte var omlag 40 personar. Elles har vi også hatt ulike samlingar for kyrkjevertar, medliturgar og frivillege på språkkaféen der vi samtalte om tenesta over ein lunsj.

Manger kyrkjeforeining

Kyrkjeforeininga på Manger ved leiar Elin Nøttveit har møte omlag ein gong i månaden på Rasteplassen på kyrkjekontoret. Omlag 8 – 10 damer deltek, og dei arrangerer årleg basar på Manger bedehus der det kjem inn omlag kr 40 000,- , Det er godt frammøte på basaren, og kyrkjelyden vil uttrykka takksemd for arbeidet som blir gjort.

Radøy damekor

Årsmøtet i 2025 vart halde på Rasteplassen 13. februar. Elin Irene Klausen vart attvald som leiar. William Kay er dirigent. Koret hadde 25-årsjubileum i 2025, og fokuset på vårsemesteret var jubileumsfeiringa i juni. Koret friska opp tidlegare songar og øvde inn nye. I jubileumshelga fekk vi besøk av vår tidlegare dirigent Jūratė Norkuvienė med koret sitt frå Litauen. Saman hadde vi ein flott jubileumskonsert i Manger kyrkje den 15.juni, med påfølgjande festmiddag på Rasteplassen. Om hausten var fleire medlemar med på eit fellesprosjekt i Knarvik kyrkje som heiter «Fredsfyrsten». William Kay dirigerte og hadde musikalsk ansvar på øvingane. Dei medlemane som ikkje var med, hadde pause dette semesteret.

Konsertar

I regi av kyrkjelyden vart det arrangert 5 konsertar med snittpublikum på 59. Eksterne aktørar arrangerte 11 konsertar med snittpublikum på 126. Fellessongsamlingane, to i talet, hadde eit snittpublikum på 30.

Trusopplæring

Dei siste åra har ein sett at ein treng ein balanse mellom breiddetiltaka og aktivitetane som går over fleire gonger med faste deltakarar, for å byggje opp eit berekraftig arbeid. Det er også nytt av året at trusopplæring skal rapporterast saman med resten av kyrkjelyden sitt arbeid i verktøyet “Kyrkja vår”.

Babysong er populært hos oss og vi har jamt over eit godt oppmøte med naturleg utskifting på hausten. Det var 34 samlingar gjennom året med alt frå 3 til 12 barn pluss foreldre.

Bok til 2-åringar var noko vi testa ut i 2025, kyrkjelydspedagogen tok med seg ei lita bok heim til alle 2-åringane. Bøkene blei godt mottekne og det vart ein hyggeleg prat i døra. Vi arrangerte

Pysjamasfest for 2 og 3-åringar, med forteljing, song, dans og kveldsmat i Manger kyrkje.

Utdeling av 4-årsbok har bra oppslutning og vi har funne ein god måte å gjennomføre det på; med før-samling i veka før gudstenesta der 4-åringane skal delta, noko som resulterer i at borna er tryggare under gudstenesta og gjerne at fleire stiller.

Søndagsskule har vore på gudstenestene i Manger kyrkje i 2025. Wilco Vogelaar og Helle Kartveit har førebels hovudansvaret for søndagsskulen, og brukar Gudsrikeleik-opplegget på desse samlingane.

Manger barnekor har hatt eit stabilt år, med oppstart av eit nytt tilbod for dei eldste på Manger barneskule. Jamnelege øvingar har vorte gjennomført annakvar veke. Nytt av året var

Karnevalsgudstenesta som kyrkjelyden arrangerte i februar, saman med koret.

Koret var også med på **Barnas påskefest** i Sæbø kyrkje. Øvingane til Manger barnekor vart flytta til Kyrkjestova i Manger kyrkje. På hausten var vi med på Kyrkjeforeininga sin basar, to festgudstenester, med avskjed for Kjell Sekkingstad og innsetjing av Torbjørn Sæle, samt

gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Ein travel haust med kjekke songoppdrag, og rundt 15 born på øvingane, med rundt 25 born på medlemslista. Året vart avslutta med minikonsert og graut på Rasteplassen, i kombinasjon med Kvardagsmiddagen. Det var kring 70 personar med. **Cantarella** er eit nytt kor i SFO-tid, som starta på Manger hausten-25. 7 born har vore på øvingar kvar veke, der med syng, dansar, leikar, høyrer og jobbar med bibelhistorier.

Lys Vaken blei arrangert i november, og det var 13 deltakarar, som overnatta i Sæbø kyrkje frå laurdag til søndag for så å delta under gudstenesta på søndagen.

Konfirmasjonsførebuing går føre seg i kyrkja på Manger, og 47 konfirmantar deltok, og fire av dei blei døypte i konfirmanttida. Leir på Dyrkolbotn, undervisning, Fasteaksjon, Lysmesse og andre gudstenester står sentralt i opplegget til konfirmantane.

FollowMe er eit konsept som handlar om oppfølging av ungdommar som er aktive i kyrkja, dette arbeidet driv med i lag med dei andre sokna i Alver. 6 av desse ungdommane har vore leiarar på trusopplæring på Radøy i løpet av 2025.

Skule-/barnehagesamarbeid

I 2025 fortsette vi det gode samarbeidet med barnehagar og skular på Radøy. 3 barnehagar hadde **samling før påske** og fekk høyre historia om dei ulike påskedagane, ca. 125 born var med på dette, pluss vaksne. **Julespel** hadde vi i Sæbø, Manger og Hordabø kyrkje, med ca 160 barn og 100 vaksne med på samlingane. I julespelet får dei eldste borna roller medan dei yngre er publikum. Vi prøvde eit nytt opplegg vi har kalla **“Bli kjend med kyrkja di”**, i Hordabø kyrkje i samband med 150-årsjubileum haust 2025. 2.- og 7. klasse kom saman til kyrkja for ein skuletime, for å lære om historia til den lokale kyrkja og å sjå detaljer og kunst der.

I adventstida var det fire skulegudstenester. Elevar frå barneskulane og ungdomskulen tok del med lesing av juleevangeliet, songinnslag og korpsmusikk. Samarbeidet med skulen er godt og oppslutninga om skulegudstenestene er svært god.

Informasjonsarbeid

Nettsider og sosiale media

Alle kyrkjelydane i Alver har internettsider på «kyrkja.no» - fellesplattforma til Den norske kyrkja. Sidene tilpassar seg automatisk mobil, nettbrett og PC og oppfyller krava til universell tilgjenge. Via nettsidene tilbyr vi elektronisk tinging av dåp og vigsel, samt påmelding til konfirmanttida og ulike trusopplæringstiltak. Det er også lagt ut mykje nyttig informasjon til brurepar. Informasjon om aktivitetar vert også publisert automatisk på “skjerikyrkja.no” ; Den norske kyrkja sin informasjonsportal.

På sosiale media har kyrkjelyden forskjellige grupper og sider retta mot ulike målgrupper. Gruppene blir brukt jamleg for å spreie informasjon om kva som skjer i soknet på ein rask og effektiv måte. Vi har også ein infoskjerm ved inngangen til kyrkjekontoret der forbipasserande stadig får oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkjelyden. Det er også mogleg å få denne informasjonen på mobiltelefon. Kunngjering i lokalavisene i høve komande gudsteneste blir også nytta.

Kyrkjebladet Radar

Radar har sidan 2020 vore ein del av fellesbladet for kyrkjelydane i Alver. Bladet har 8 lokale sider og 8 sider felles sider med våre nabokyrkjelydar. Berit Nøst Dale har vore redaktør for fellesbladet det. Gunnar Kartveit representerer Radøy i redaksjonsnemnda, og Mona Vakt skjold har vore medlem av styret for fellesbladet.

Diakoni

Radøy kyrkjelyd er aktiv bidragsytar til diakonalt arbeid i lokalsamfunnet. Vi har gode samarbeidspartnarar, og jobbar godt ilag med andre aktørar i nærområdet. Kyrkja er tilgjengeleg for enkeltsamtalar med menneske som treng ein samtalepartnar. I tillegg har vi fleire diakonale aktivitetar.

Kvardagsmiddag er eit lågterskel tilbod, med middag annakvar veke på Rasteplassen. Det er mellom 12-35 personar som nyttar seg av tilbodet, og er opent for alle. To team med frivillige lagar maten, dekker på, og ryddar opp.

Kommunen kjenner til tilbodet, og har gjort det kjent for ulike grupper menneske som har bruk for fellesskap. Året avslutta vi på Rasteplassen med 70 personar til stades som koste seg med risgraut og minikonsert der Manger barnekor og koret Cantarella deltok.

Språkkafé på Radøy mottakssenter kvar onsdag for bebuarane har vore godt mottatt. Det er fleire frivillige med, som tar ansvar for ulike oppgåver, som undervisning, samtalepartnar ved språktrening, steika lappar, trekka kaffi og stille med musikk. Tur til Tjorehagen avslutta språkkaféen vårsemesteret. Det har vore eit fast tilbod med kyrkjeskysst til gudsteneste for bebuarane ved mottaket. Haustsemesteret vart avslutta med julesong i Manger kyrkje, der William Kay og Per Bjørkhaug stilte med musikk.

Andakt på Velferdssenteret er eit fast tilbod annankvar torsdag, og det er soknepresten som har halde andakta, med diakon innom av og til som vikar. Bebuarar på Velferdssenteret, omsorgsbustadane og brukarar på Dagstova nyttar seg av dette tilbodet. Samarbeidet med dei tilsette på sjukeheimen opplever vi godt, og vi får jamleg spørsmål frå bebuarane om enkeltsamtalar.

Tysdagstreff i Sæbø kyrkje har vore 6 gongar dette året, og songkveld der organist William Kay fortalte om songar med tema håp, var første samling. Treff nr 2 hadde Håkon Glatved-Prahl fokus på kyrkjene i Bjørgvin, og Helle Kartveit fortalde om misjonsprosjektet vårt i Estland på siste samling før sommaren.

I september kom Arne Mullen og engasjerte oss under tittelen “Er det håp for kyrkja?”. I sorgmånaden oktober inviterte vi Heidi Halvorsen med førestillinga “Med mine øyne”, som handla om korleis det er å vere blind. Etter denne førestillinga hadde vi eit oppfølgjande Tysdagstreff med dialogsamtale med Magne Bjørndal om livet som blind. Kransepynting saman med Linn Mari Rath vart arrangert i november. 25-30 personar har vore til stades på samlingane.

Sorggruppe og sorgarbeid Det har vore éi ordinær sorggruppe i Alver i 2025. Gruppa var leia av diakonen i Radøy og kreftkoordinator i Alver, og hadde til saman 4 deltakarar. Samlingane var i Knarvik kyrkje og Alversund kyrkjelydshus. Etter initiativ frå Knarvik vidaregåande skule blei det

oppretta ei sorggruppe for unge frå Nordhordland hausten 2025, der sorg var tema. Samlingane i Knarvik kyrkje hadde fem deltakarar og blei leia av diakonane i Alver.

Minnegudstenesta i november er ein del av sorgarbeidet i kyrkja og invitasjon blir sendt til pårørande som har mista ein av sine kjære i løpet av året.

Blomehelsingar vart delt ut før jul til medlemmar i kyrkja over 80 år. Det er frivillege som tar ansvar for rodene i skulekrinsane, og omlag 25 frivillige delte ut 243 blomar.

Internasjonalt arbeid

Gjennom Det norske misjonsselskap (NMS) støttar vi misjonsarbeidet i Estland, med spesielt fokus på kyrkjelyden i Müstamäe, ein forstad til Tallin by. Prest Tiina Klemet leiar arbeidet i kyrkjelyden Marja Magdalena, og deltaking både på gudstenester og andre aktivitetar aukar jamt og trutt. Barne -og ungdomsarbeidet veks, og mange deltek på ulike samlingar kyrkja tilbyr. Arbeidskyrkja i bydelen er ferdig, og kyrkjelyden gler seg stort over å feire gudsteneste der. Diakoni-arbeidet i bydelen er omfattande og kvar veke deler ein ut mat til trengjande i området. I tillegg til leirarbeid, driv kyrkja mediearbeid - Pluss Media - for å nå nye menneske med evangeliet, og gjerne spesielt unge vaksne. Innsamla midlar til arbeidet i Estland er omlag kr 20 000,-

Fasteaksjonen - Kirkens Nødhjelp

Fasteaksjonen er kyrkja sin fellesaksjon for internasjonal diakoni i fastetida. Konfirmantar ilag med konfirmantforeldre og andre frivillege har dør til dør-aksjon og går med bøsser over stort sett heile Radøy. 2023: kr 103 122,- 2024: kr 81 422,- 2025: kr 88 803, -